

## Møteprotokoll

**Råd:** Gjesdal sokneråd

**Dato og tid:** 06.03.2025, 19:30

**Stad:** Oltedal kyrkje

**Saksmappe:** GSR2025-9

**Til stades:** Olga Slettebø Gilje (Leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (Sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Jarle Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem)

**Forfall:**

**Protokollfører:** Sverre Undheim

## Sakslista

### Faste Saker

016/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

### Møtesaker

017/25 Samarbeidande sokneråd

018/25 Årsmelding 2024

019/25 Grøn kyrkje

020/25 Kyrkjelydsfest/kyrkjelydsmøte

021/25 Renter gåvekonto

022/25 Mindreforbruk rekneskap 2024

023/25 Mat påskeverkstad

024/25 Informasjon i gudstenester

### Orienteringssaker

00011 Besøk frå stab - Øyvind Skuggedal

00012 Nytt frå stab

00013 Misjonsutval

**Leif Hadland**  
Prest

**Olga Slettebø Gilje**  
Leiar



## 016/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	016/25

### Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

### Vedtak

Innkalling og referat frå sist møte godkjennes.

## 017/25 Samarbeidande sokneråd

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	017/25

### Møtebehandling

Soknerådet ser dei administrative fordelene med å ha eit samarbeidande sokneråd, og arbeidet med å få folk til å stille til soknerådsval vert mykje lettare med berre eit sokneråd.

Utover det ser ikkje soknerådet nokon fordelar med dette forslaget for kyrkjelydslivet i Gjesdal sokn.

### Vedtak

Soknerådet ynskjer ikkje eit samarbeidande sokneråd saman med Ålgård sokn, heller ikkje slå saman soknet, og stiller seg bak ynskjet til Ålgård sokn om at det heller arbeides med organiseringa av ressursene i administrasjonen og i Gjesdal kyrkjelege fellesråd.

## 018/25 Årsmelding 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	018/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner årsmelding for Gjesdal sokn 2024.

### Møtebehandling

Soknerådet fekk utdelt årsmeldinga i møtet og las gjennom årsmeldinga i møtet. Soknerådet ynskjer at det ska inn eit kapittel om misjonsutvalet i årsmeldinga, Svein Ingve Nødlan skriv og sender inn til dagleg leiar.

### Vedtak

Soknerådet ber dagleg leiar om å skrive inn endringane som kom fram i samtalen og godkjenner då årsmeldinga.

## 019/25 Grøn kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	019/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet vedtar planen for Grøn kyrkje Gjesdal sokn.

### Møtebehandling

Øyvind Skuggedal presenterer plan for Grøn kyrkje i Gjesdal sokn i møtet.

Soknerådet ynskjer ikkje at Gjesdal sokn skal verte ein miljøorganisasjon, men syns det er mange element i plan for grøn kyrkje som er fine. Det er viktig å ta vare på jorda vår, vi har eit forvalteransvar for Guds skaperverk. Fokus må vere på skaparverket, ikkje på det politiske. Det handler om bevisstgjerung, ei praktisk tilnærming til dette.

Videre ynskjer soknerådet at planen ikkje skal vere så konkret og detaljfokusert, men ha meir fokus på dei store linjene, meir generelle retningslinjer.

Det verker urealistisk for soknerådet å få frivillige til å vere med i eit utvalg/komite for grøn kyrkje, nok ein komite. Øyvind skal undersøkje om det er naudsynt med eit utvalg/komite.

Øyvind foreslår å lage ein litt forenkla plan og sender den til soknerådet for tilbakemelding.

### Vedtak

Soknerådet ber Øyvind Skuggedal om å lage ein forenkla plan og sende den til soknerådet for å evt. vedta den i eit seinare møte.

## 020/25 Kyrkjelydsfest/kyrkjelydsmøte

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	020/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet kjøper inn og lagar middag. \*\*\*\* kan baka kake.

### Vedtak

Svein og Oddrunn kan kome før og koke middag. Bjørg, Jarle, Svein og Berit kan ta med kvar si kake.

## 021/25 Renter gåvekonto

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	021/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet ynskjer å vedta om rentene frå milliongåva skal gå i drift, eller tilfalla gåva frå år til år. I 2025 lar soknerådet rentene vere i drift, som vert vedteke i budsjettet. Soknerådet vedtek at rentene som fram til og med 2023 ikkje har vert nytta i drift skal vere i gåva og nyttast til formålet som fylgjer gåva.

### Vedtak

Soknerådet ynskjer å vedta om rentene frå milliongåva skal gå i drift, eller tilfalla gåva frå år til år. I 2025 lar soknerådet rentene vere i drift, som vert vedteke i budsjettet.



## 022/25 Mindreforbruk rekneskap 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	022/25

### Forslag til vedtak

Mindreforbruket i 2024 settes på disposisjonsfond.

### Vedtak

Mindreforbruket i 2024 settes på disposisjonsfond.

## 023/25 Mat påskeverkstad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	023/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet kan lage middag til påskeverkstad.

### Vedtak

Olga og Oddrunn kan lage middag til påskeverkstad.

## 024/25 Informasjon i gudstenester

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.03.2025	024/25

### Forslag til vedtak

Soknerådet ynskjer at det skal vere lik praksis i alle kyrkjene, at ein alltid skal nemne dei som har gått bort sidan sist. Soknerådet ynskjer og at det skal vere ein fast post under kunngjeringar at ein nemner kor mykje som kom inn under offring i sist gudsteneste.

### Møtebehandling

Soknerådet ynskjer ikkje at det skal vere så mykje fokus på kva som kom inn i ei ulike kyrkjene, men heller kunngjer ein gong i månaden kva som kom inn den forrige månaden.

### Vedtak

Soknerådet ynskjer at det skal vere lik praksis i alle kyrkjene, at ein alltid skal nemne dei som har gått bort sidan sist. Soknerådet ynskjer og at me kunngjer i ein gudsteneste i månaden kva som kom inn i offer den forrige månaden totalt.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.03.2025	00011

**00011 Besøk frå stab - Øyvind Skuggedal**

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.03.2025	00012

## **00012 Nytt frå stab**

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.03.2025	00013

## **00013 Misjonsutval**